



Promenaden Eiendom AS
Kvernhusmyrane 7
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/716 - 19/21195

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
01.07.2019

Innkalling til tilsyn fettutskiljar - GBNR 188/534 Promenaden Knarvik senter

Teknisk drift syner til vårt brev av 07.03.2019 der vi viser til førehandsvarsel om tilsyn i samband med manglar i årsrapport.

For driftsår 2018 er det levert inn rapport som viser at det er utført 2 tømminger av anlegg. Det er i løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett sett krav om 4 tømminger per år. Det er ikkje levert inn dokumentasjon (temperaturlogger) på at anlegg stettar krav til utslepp. Det er krav om 2 temperaturlogger per år.

Varsel om tilsyn:

Teknisk drift viser til førehandsvarsler om tilsyn i brev datert 07.03.2019. Promenaden Eiendom AS vert, med dette brev, kalla inn til tilsyn:

Torsdag 15.08.2019 kl. 10.00 på Rådhuset i Knarvik.

Førehandsvarsel om tiltak:

Lindås kommune gir no eit førehandsvarsel om at vi vil vurdere setje i gong tiltak for å få på plass nødvendig dokumentasjon på at fettutskiljar stettar krav til utslepp. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Tiltak som kommunen vil vurdere:

- Lindås kommune kan illegge abonnenten eit tilleggsgebyr på 50 % av avløpsgebyr. Dette gebyret kan kommunen fakturere abonnenten kvar kvartal, inntil forhold er retta opp.
- Abonnenten plikter iht «Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser» punkt 1.4 å overholde vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett. Kommunen kan iht punkt 1.5 stenge vasstiltførelse til bygg dersom abonnenten/ abonnenten sin leigetakar ikkje overhelder abonnementsvilkåra og vilkår i gitte løyve.

Lindås kommune har i forureningsforskrifta § 15 A-4, forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» heimel til å krevje fettutskiljar for verksemder



som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett. Kommunen krev dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp med heimel i nemde regelverk og i gitte løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ